



Vår referanse

Vår dato
3. apr. 14

Deres referanse

Deres dato

Vår saksbehandler

Direkte telefon

Høyringsvar - Rapport frå arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk

Lindås kommune er einig i rapportens betraktning om at brann- og redningsvesenet utgjør en viktig ressurs for det samla samfunnssikkerhets arbeidet i kommunen. Brann- og redningsvesenet har viktige oppgåver på det førebyggjande brannvern området og er kommunens viktigaste operative redningsressurs. Også rapportens konklusjon om fordeler med større fagmiljø (da spesielt førebyggjande), økt kompetanse og sterkare samarbeid på tvers av kommune grenser, støttar Lindås kommune.

Lindås kommune meiner brannstudien har for mykje fokus på store einingar og for lite på vidareutvikling av eksisterande organisering. Kommunen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å anta at så store fylkesvise einingar som anbefalas av arbeidsgruppa vil føre til eit bedra brann- og redningsvesen. Slik me vurderer studien gir den ikkje svar på sentrale spørsmål som kostnadsfordeling mellom kommunane, muligheit til kommunal prioritering og styring og muligheit til å oppretthalde dagens portefølje og teneste nivå. Lindås kommune slutter seg derfor ikkje til anbefalinga frå arbeidsgruppa om fylkesvise brann og redningsvesen. Kommunen meiner brann- og redningstenesta framleis skal vere ei kommunal teneste og meiner brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggjande prinsippa i viktig samfunnstryggleik og beredskapsarbeid: prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke.

Brann tenesta er tufta på nærleik, mens det ved fylkesvise einingar er fare for at administrasjonsledd og toppleiinga opplevas som fjernt for brukaren. Den enkelte kommune risikerer også å få et meir perifert forhold til og mindre påvirknings muligheit for sitt eget brann- og redningsvesen. Det bør derfor være opp til den enkelte kommune å drifte brann- og redningsvesena i henhold til det lovverk som foreligg. Eit lokalt forankra brannvesen, er særskild viktig for å kunne utnytte lokale ressursar, når ein skal byggja opp og drifta eit godt brannvesen, og når ein skal handtera ulike hendingar.

Lindås kommune meiner at Lindås og Meland brannvern (LMB) varetar desse grunnleggjande prinsippa slik LMB/NGIB er organisert i dag og at LMB/NGIB med sit fagmiljø, kompetanse, utstyr og mannskap er utrusta til å takle morgondagens utfordringar. Lindås kommune ønskjer å prioritere gode samarbeids- og bistandsavtale med nabokommunar der fokus på felles øvingar og erfaringsutveksling vert viktig. Lindås kommune stiller seg derfor negativ til å delta i et pilotforsøk om et felles interkommunalt brann- og redningsvesen for Hordaland.

Mvh
Karl J Romarheim
Brannsjef Lindås og Meland brannvern

| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Telefaks | Konto |
|---------------|----------------|----------|----------|---------------------------------|
| 5914 ISDALSTØ | Ikenberget 16 | 40841270 | | 7413 05 01005 |
| | 5911 Alversund | | | Organisasjonsnr. 935 084 733 |